

Notat

Vår referanse
26/8295 26/14895

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Geir Egil Olsen

Dato
01.07.2026

Til: Ann Kristin Eiken, Geir Egil Olsen, Gro-Anette Frøystad Voldsund, Joachim Almestad, Lene Nupen, Marit Sævik Leinebø, Trond Arne Rossi Aglen

Budsjettrundskriv budsjett 2027 og økonomiplan 2027-2030**1. INNLEIING**

Dei budsjettansvarlege skal på bakgrunn av vedteken drift, politiske vedtak og dette budsjettrundskrivet utarbeide framlegg til budsjett 2027 og økonomiplan 2027–2030 for sine ansvarsområde.

Herøy kommune står framleis overfor store økonomiske utfordringar. Auka behov innan sentrale tenestekområde, høgare finansutgifter, demografiske endringar og avgrensa inntektsvekst gjer det nødvendig å arbeide målretta med prioriteringar og omstilling.

Målet med budsjettprosessen er å utvikle eit berekraftig økonomisk handlingsrom der kommunen kan oppretthalde gode tenester innanfor dei økonomiske rammene som er tilgjengelege. Budsjettet skal vere realistisk og i størst mogleg grad redusere behovet for større korrigeringar gjennom året.

Kommunen har som langsiktig mål å oppnå eit netto driftsresultat på minimum 1,75 prosent av brutto driftsinntekter. Dette er nødvendig for å kunne møte framtidige investeringsbehov, handtere risiko og sikre økonomisk handlefridom.

2. EKSTRAORDINÆR DRIFT

Tiltak som er mellombelse i 2026 skal ikkje automatisk vidareførast i budsjettet for 2027.

Dersom sektorane ønskjer vidareføring av slike tiltak, skal desse registrerast som eigne nye tiltak i Framsikt med fullstendig beskriving av:

- formål
- kostnadar
- bemanningskonsekvensar

- finansiering
- konsekvensar ved manglande vidareføring

Det skal budsjetterast med løn til oppretta stillingsheimlar som er ein del av ordinær drift. Budsjetta skal ikkje innehalde vikarløn eller sjukelønsrefusjonar utover arbeidsgivarperioden.

Ekstraordinær aktivitet utover basisdrifta skal synleggjerast som eigne tiltak og ikkje byggjast inn i konsekvensjustert budsjett.

Drift utover det som er finansiert som løpande drift, skal spesifiserast ved å opprette «nye tiltak» i Framsikt. Dette er drift knytt til mellombelse stillingar og auka aktivitet knytt til ekstraordinære situasjonar. Kostnadane skal vere spesifiserte og godt kommenterte/dokumenterte. Ein skal altså ikkje auke kostnadane i konsekvensjustert budsjett.

Dette gjeld t.d. auka aktivitet for ressurskrevjande tenester, ressursar til barnevern utover det ein har hatt som normalsituasjon finansiert i dagens driftsramme, tilpassa opplæring i grunnskulen osv.

3. FORSLAG TIL STATSBUDSJETT

Forslaget til statsbudsjett for 2027 vert truleg lagt fram 6. oktober 2027. Innhaldet i statsbudsjettet får konsekvensar for kommunen sitt budsjett. Fram til ein får endeleg statsbudsjett legg ein til grunn Kommuneproposisjonen 2027 sine anslag/rammar for drifta i 2027.

4. KONSEKVEN SAR AV ØKONOMIPLANEN

Ein ber om at alle vedtak som er gjort, og som vil få verknad for budsjett 2027 og økonomiplan 2027 - 2030, vert kartlagt og teke med i framlegga frå sektorane – ved å opprette dei som «nye tiltak» i Framsikt. Slike tiltak må merkast som «må-tiltak».

Når dei økonomiske føresetnadane er endra, må investeringstiltaka i økonomiplanperioden vurderast nærare i budsjett- og økonomiplanhandsaminga.

Ein bør framleis vere forsiktige med nye investeringstiltak i økonomiplanperioden og heller prioritere å få starta opp og gjennomført allereie vedtekne tiltak.



4.1 Rammer – Bruttobudsjettering

Driftsnivået vårt er framleis for høgt og trass i at det stadig kjem fram behov for auka løyvingar må vi redusere kostnadane/auke inntektene våre i åra som kjem. Det er vidare sannsynleg at kommunane sine oppgåver vil auke i omfang, medan dei økonomiske ressursane vil bli reduserte i tida framover.

Ein legg opp til at sektorane budsjetterer etter dagens driftsnivå når det gjeld løn i faste stillingar (basisdrift/lønshheimlane) og at dette inneheld dei føringane ein har lagt med omsyn til innhaldet og føresetnadane i dette rundskrivet. Sektorane må kritisk gå gjennom alle driftsutgifter og driftsinntekter med sikte på innsparingar og meirinntekter. Rekneskapen for 2025 og budsjettkontrollane hittil i 2026 kan vere til hjelp for denne gjennomgangen. Store avvik i høve realistisk budsjetttramme, må meldast inn som nytt/nye tiltak.

4.2 Nærare om budsjettføresetnadane

Mange av budsjettføresetnadane for 2027 er førebels usikre og eit skikkeleg anslag på nivået får ein først ved framlegginga av statsbudsjettet for 2027. Dette gjeld også pensjonstrekket til KLP og SPK. Lønsvekst, prisvekst, sats for KLP, SPK og arbeidsgjevaravgift vert lagt inn sentralt av økonomiavdelinga og vert lik for alle.

4.3 Planlegging av nye tiltak

Nye tiltak som ein ynskjer å ha med i budsjett 2027 og/eller økonomiplanen for 2027– 2030, skal planleggjast i god tid, slik at dei er fullstendig utgreidde til handsaminga av årsbudsjett/økonomiplan. Dei skal framstillast slik at samla økonomiske konsekvensar av tiltaket går klart fram. Det er særskild viktig å få fram økonomiske konsekvensane ved alt som vert sett i gang i tida som kjem. Forslag som ikkje er tilstrekkeleg utgreidd, vert ikkje rekna som prioritert.

Dersom de budsjetterer med samlepostar i investeringsbudsjettet (t.d 5,0 mill kr til ENØK tiltak) så skal det lagast ei prioriteringsrekkefølge på kva tiltak ein skal ha 1 prioritet, 2 prioritet osv.

Den økonomiske situasjonen for kommunen gjer at svært få tiltak som ikkje er sjølvfinansierande kan bli realisert. Ein ber difor om realisme kring dette. Det vert forventa at sektorane prøver å finne rom for nødvendige tiltak innanfor eiga ramme eller i samarbeid med andre. Det er no nødvendig å gjere omprioriteringar og andre driftsendringar for å balansere dagens drift, før ein kan tenkje på nye tiltak.

5. SALDERINGSPROESSEN

Vert det stort gap i balansesituasjonen, må ein vere budd på at vi må redusere rammene for å oppretthalde primærtenestene til kommunen.

Tiltak for å redusere netto ramme kan mellom anna vere desse tiltaka:

- Planlegge for bemanningsreduksjon ved naturleg avgang/avslutting av arbeidsforhold
- Kritisk vurdering av tenestenivået i forhold til kva som er forsvarlege tenester.
- Analysere inntekspotensialet, inklusive gebyr, brukarbetaling og eigedomsskatt.
- Sal av bygg/eigedomar som vil gi reduserte finans- og driftsutgifter.
- Sal av finanspostar/aksjar

Det er særskilt første kulepunkt som utfordrar organisasjonen. Planlagt nedbemanning over tid krev gode handlingsreglar for prioriteringar av korleis vakanse skal handterast. Det er viktig å leggje til rette for prosess og involvering, og få fram ei oversikt over forventa naturleg avgang for 2027 og prioriteringar knytt til dette. Erfarings messig tek desse prosessane noko tid, før effekten av tiltaka vert materialisert.

Sektorane må i budsjettarbeidet gjere spesielt greie for inntektssida. Sektorane vert oppfordra til å søkje meir aktivt på statlege tilskotsordningar.

5. BUDSJETTPROESSEN

5.1 Budsjetteringsprogram

Kommunen nyttar Framsikt som budsjettprogramvare. Om nokon er usikre knytt til spørsmål i programmet, kontakt økonomileiar.

5.2 Årsbudsjettet er ein fullstendig arbeidsplan for året.

Budsjettet skal vere ein fullstendig arbeidsplan for året. Her skal den daglege drifta takast med. Like eins skal ein her gjere greie for evt. avviklingar av eksisterande verksemder/tiltak og planlegging av nye verksemder/tiltak.

5.3 Tiltak

Framstilling av råbudsjettet, og framskriving av pris- og lønsveksten skjer sentralt på bakgrunn av opphavsleg budsjett frå 2026, samt eventuelle varige budsjettendringar som er gjort i 2026. Leiarane må ha oversikt over politiske vedtak som har budsjettmessige konsekvensar for åra 2027-2030. Budsjettet vil verte drøfta i leiargruppa undervegs.

Parallelt med budsjettarbeidet skal leiarane førebu endringar i avgifter og betalingssatsar for politisk handsaming i samband med budsjettet (gebyrregulativet). Dersom det vert foreslått endringar i føresegner må det takast omsyn til dette i førebuinga (jf. forvaltningslova).

6. FRAMSTILLINGSMÅTE – DOKUMENTASJON

Budsjettdokumentet vert utforma med sektorane sine utdjupa kommentarar og grunngjevingar i Framsikt. Budsjettering av løn (fast, variabel og alle tillegg) og driftspostar skal nøye kvalitetssikrast (opp i mot det framskrivne budsjettet).

7. ØKONOMIPLANEN 2027-2030

Økonomiplanen for perioden 2027 – 2030 skal vedtakast 10. desember 2026. Nye tiltak på drifts- og investeringssida skal vere utgreidde. Det er ikkje rom for nye tiltak utan at det vert gjort driftsomleggingar, omprioriteringar og eller kutt i tenester.

8. ARBEIDSPLAN

Budsjettet for år 2027 og økonomiplanen for 2027-2030 må utformast og presenterast etter slik framdriftsplan:

Tid/Frist	Oppgåver	Ansvarleg
21.08.2026	Klargjering av Framsikt til nytt budsjettår	Økonomileiar
25.08.2026	Budsjettmøte med leiargruppa	Økonomileiar/kommunedirektør
25.08.2026 - 04.10.2026	Sektorar og stabsavdelingar utarbeidar sine budsjettframlegg i Framsikt. Gjeld både Drift og Investering	Kommunalsjefane og avdelingsleiarar i stab
05.10.2026-09.10.2026	Kontrollgjennomgang av budsjettarbeid med kommunalsjefane og kommunalsjefane	Kommunedirektør, økonomileiar og aktuelle leiarar
06.10.2026	Statsbudsjettet vert lagt fram (i alle fall i veke 41)	
13.10.2026-14.10.2026	Budsjettseminar med overnatting	Kommunedirektør/økonomileiar
21.10.2026	Ferdigstilling av heilskapleg budsjettframlegg og framlegg til økonomiplan 2027-2030	Kommunedirektør/økonomileiar
23.10.2026	Klargjering av politikarmodulen i Framsikt	Økonomileiar
Veke 44-veke 50	Politisk handsaming	Politikarane
19.11.2026	Budsjett- og økonomiplan vert lagt ut til offentleg ettersyn	Formannskap/politisk sekretær
02.12.2026	Formannskapet innstiller til kommunestyret	Formannskapet
10.12.2026	Kommunestyret handsamar budsjett- og økonomiplan	Kommunestyret

Ein tek atterhald om at statsbudsjettet for år 2027 kan medføre endringar i rammer og opplegg for det vidare arbeidet. Alle må prøve å sette seg inn i det materialet kommunen får tilsendt i samband med budsjettarbeidet (t.d Kommuneproposisjonen) når det måtte ligge føre.

Dette rundskrivet vert også sendt til Kyrkja som føringar for deira ramme frå kommunen for perioden 2027 - 2030.

Når det gjeld prosessane omkring budsjett- og økonomiplanarbeidet, vert det synt til arbeidsplanen. Spørsmål kan rettast til økonomileiar og/eller kommunedirektør

Med helsing

Geir Egil Olsen
økonomileiar

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur